

Årsmelding for Syvde Sogelag for 2022

Årsmøtet vart halde i Kristitunet 19.05. 2022. Det var 11 frammøtte. Årsmelding og rekneskap vart godkjent. Rekneskapet synte eit overskot på kr.17.424 Laget hadde siste året 100 betalande medlemer. Det har i 2022 vore 2 styremøte og 9 saker har vore handsama.

Saker som laget har arbeidt med i 2022

I Kristitunet har det vore dugnad med tillaging av kjellaren, utgraving, støyping under grunnmur, nedstøyning av betongheller og reparasjon av grunnmuren. Takk til Jon, Magne og Kåre for mykje godt arbeid. Kjellaren har vorte skikkeleg fin med utstilling. Også andre har teke del med tillaging av utstilling i kjellaren i hovedhuset, rydding av kjellaren i gamlestova, flytting av gjenstandar og lagra stabbur frå Pålgarden. Stabburet er lagra i kjellaren i gamlestova. Museumsgjenstandane er plassert i gamlestova, men det lyt til litt oppstilling og presentasjon. Det har og vore dugnad med slåing, rydding rundt huset og fjerning av greiner av lønnetreet.

Under Kosterikedagane var det ope hus med bra besøk. Asbjørn Lade kåserte. 20. juli var det forteljarkveld etter initiativ av Helen Nilssen og Elling Tore Ulvestad med sistnemnde som møteleiar. Olav Harald Vik og Asbjørn Lade fortalte, og det vart opplese ei forteljing av Oddrun Eikrem. Fleire andre hadde ordet, og det var servering av mat. Det vart ytra ynskje om fleire liknande kveldar.

Syvde Sogelag har fått stønad frå Vanylven kommune til drifta og til ferdiggjering av gamlestova. Takk for støtta på kr. 9.532 frå dei som tippar og har ført opp Syvde Sogelag som mottakar av grasrotandelen

Heimeside

Heimesida finn ein på <https://sogelagaivanylven.no/syvde-sogelag/>

Det er Jostein Nordvik som har laga til heimesida. Det er meininga at det etter kvart skal leggast til meir.

Kulturminneplan: Planen finn ein på heimesida til Vanylven kommune. Planen er trykt i 200 eksemplar med tittel "Kulturarv". Boka kan ein få kjøpt hos sogelaga og Synste Møre. Det har vorte ei fin bok.

Storegjerdesamlinga: Styret i sogelaget har overført eigedomsretten av samlinga til fylkesfotoarkivet. Dei nye eigarane har ideelle forhold for lagring, og det vil vere høve til å hente bileta på internett. Direktelinken er:

<https://fylkesfotoarkivet.mrfylke.no/foto/index.php?q=005:FAKf-100100>

Sørdal skule: Sogelaget har fått tilbod om å overta Sørdal skule som i mange år har fungert som grendahus. Det kan bli aktuelt å lage eit skolemuseum i huset. I så fall kan det og verte aktuelt med ei kulturløype i Saurdalens. Det er mange verneverdige kulturminne langs vegen, og skulen kan vere utgangspunkt for ei slik løype. Men inntil vidare har laget prioritert ferdiggjering av gamlestova i Kristitunet og ny bygdesoge.

Ny bygdebok:

Det er lenge sidan Bygdebok for SYVDE SOKN kom ut. I boka er det og ein del feil, særleg i den eldste delen. Olav Opsal med fleire har gjort ein stor innsats med samling av opplysningar og skriving, og for halve Syvde er boka å jour fram til 2006. Det kan vere aktuelt å gje ut boka som E-bok. Syvde Sogelag har vore i kontakt med "Fantastiske Osberget" i Ulstein og Vanylven Sogelag som er i arbeid med ny utgjeving av ættesoge for Vanylven. Osberget skal lage database og har digitalisert Thunembøkene. Syvde Sogelag kan "henge seg på".

Tillitsvalde 2022:

Styret: Geir Nordal, leiar, på val kvart år. Geir Sandnes, nestleiar, på val i år. Magne Berge, kasserar, ikkje på val i år. Gustav Landsverk, ikkje på val i år. Eli Nygård Kjøde, på val i år.
Varafolk: 1. Mindor Gjerde. 2. Laila Gjerde 3. Magnhild Stranden Desse har og fungert som valnemnd.

Medlemer i skriftstyret for "Fotefar": Asbjørn Lade og Olav Opsal. Er på val i år.

Museumsnemnd for Kristitunet: Sissel Myklebust, leiar. John Myklebust, Olav Harald Vik, Desse er på val i år. Hans Riste og Gustav Landsverk, er ikkje på val i år.

Revisor: Knut Brudevoll, på val kvart år.

For Syvde Sogelag

Geir Nordal

Geir Sandnes

Magne Berge

Eli Nygård Kjøde

Gustav Landsverk

INNKALLING TIL ÅRSMØTE.

Møtet skal haldast i Kristitunet 17. april kl. 19.

Sakliste:

Vanlege årsmøtesaker. Ny bygdesoge. Arbeidsplan. Ymse.

Det vert enkel servering.

Vel møtt !